

# KYRKJEBLAD

For KVITeseid SOKN (Kviteseid, Vrådal, Brunkeberg, Fjågesund og Kilen)



Utvida spesialnummer på 20 sider!

*Sigrun Lønning Solvang vart 11. august vigsla som prest i Kviteseid*

*Les og om: Jubileum på Kvitsund, s.4-8*

*Marie Omtveit (95), s.12-13*



# Kyrkjetrappa

## KYRKJEKONTORET I KVITeseID

Telefon: 35 06 81 31  
Kviteseidgata 13, 3850 Kviteseid  
[kyrkja.no/kviteseid](http://kyrkja.no/kviteseid)



**Kyrkjevevjerje**  
Kristen Salmelid  
Kontor tlf: 35 06 81 31  
Mobil tlf: 97 04 78 60  
[post@kyrkjetrappa.no](mailto:post@kyrkjetrappa.no)



**Kyrkjegardsarbeidar/  
kyrkjetenar**  
Håkon Heggveit  
Mobil tlf: 91 18 37 50



**Sokneprest**  
Sigrun Lønning  
Solvang  
Mobil tlf: 92418778  
[prest@kyrkjetrappa.no](mailto:prest@kyrkjetrappa.no)



**Kyrkjegardsarbeidar/  
kyrkjetenar**  
Jan Haugen  
Mobil tlf: 91 12 02 48



**Organist**  
Olav Holm  
Mobil: 93 40 11 56  
[organist@  
kyrkjetrappa.no](mailto:organist@kyrkjetrappa.no)



**Kyrkjegardsarbeidar/  
kyrkjetenar**  
Bjørn Stian Sigurdslid  
Mobil tlf: 97 07 87 71



**Trusopplærar og  
kyrkjelydssekretær**  
Vi har ledig 50 % fast  
stilling. Ta kontakt om  
dette passar deg eller  
andre du kjenner.



**Prostidiakon**  
Eilev Erikstein  
3880 Dalen  
Mobil tlf: 91 11 35 80  
[eilever@online.no](mailto:eilever@online.no)

### Om bladet

Ansvarleg redaktør: Kristen Salmelid  
Framsida: Biskop Stein, Sigrun Lønning  
Solvang og Prost Asgeir.  
Foto: Kristen Salmelid  
Uforming og trykk: ETN Grafisk

### Gåver:

Bankkonto: 2660.45.14648  
Vipps: 3850 (Den norske kyrkja i Kviteseid)

# Jesus er Guds andlet

## Finnes Gud – Og korleis er Gud

Når me tek eit raskt oversyn over den vestlege filosofihistoria, vil me raskt sjå at det er nokon spørsmål som stendig kjem attende. Det er spørsmåla knytt til Guds eksistens – om Gud finnes, og korleis Gud er – kva for eigenskapar har Gud.

Den eine filosofen har ikkje før svart på desse spørsmåla, før ein ny trekkjer svara til den førre i tvil.

Også Paulus møtte denne problemstillinga medan han levde og virka. Ein gong i Aten kom han over eit altar med denne innskrifta: «For ein ukjend Gud».

Paulus tok den gongen eit oppgjer med den atenske tankegangen, med desse orda:

*For då eg gjekk omkring og såg på heilagdomane dykkar, fann eg eit altar der det stod skrive: 'For ein ukjend Gud.' Det som de tilbed utan å kjenna, er det eg forkynner dykk (Apg 17,23)*

Gud er ikkje ukjend – Jesus har synt oss kven Gud er. Gud let seg ikkje bevise ved hjelp av matematikk og logikk. Men Jesus – som er Gud – har synt oss kven og

kva og korleis Gud er. Dette vert understreka om att og om att gjennom Det nye testamentet. Allereie i evangelisten Johannes si versjon av joleevangeliet kjem dette klårt fram:

*Ingen har nokon gong sett Gud,  
men den einborne Gud,  
som er i fanget til Far,  
han har synt oss kven han er (Joh 1,18).*

Det same kjem fleire gonger attende utover i Johannesevangeliet – til dømes når Jesus i kap 14,9 seier til Filip: «Den som har sett meg, har sett Far».

Hebrearbrevet går mykje langt i si utdjuving av dette, når det vert skrivne at Jesus er sjølve avglansen av den allmektige: «Han er utstrålinga av Guds herlegdom og biletet av hans vesen» (Hebr 1,3).

Dermed er konklusjonen ut frå Bibelen ikkje berre at Gud finnes, men at me gjennom å studere Jesus og hans gjerningar på jordi kan danne oss eit bilete av korleis Gud er.- Slik Jesus er – slik er Gud. Dei eigenskapane Jesus har, speglar dei eigenskapane Gud Fader har.

Jesus er Guds andlet.

*Dag Harald Undheim*

# Jubileum på Kvitsund

70 år siden NLM  
kjøpte Kvitsund

50 år siden Kvitsund  
ble Kvitsund Gymnas

Jubileumsdag  
lørdag 28. september



## **Alle er velkomne til jubileumsfeiringa på Kvitsund 28. september**

Middag kl. 13.00 og fest kl. 14.30. Jubileumslotteri. Kor Køhmix og Torstein Eidem Nordal.

Påmelding til middag til Kvitsund 35068700 eller [admin@kvitsund.vgs.no](mailto:admin@kvitsund.vgs.no) så snart du kan.

# Historisk om Kvitsund gymnas

Av Olav Mosdøl

***Det er 110 år sidan Utsund gard opphøyrdde som gardsbruk i Kviteseid. Fram til våre dagar har det vore skiftande tider med ymse slag skuledrift; og med ulike drivarar på staden frå 1914. Ein kan nemne: folkehøgskule i 30 år, realskule og ungdomsskule i 20 år, vidaregåande skule i 50 år. I dag er det Norsk Luthersk Misjonssamband (NLM) som eig og driv Kvitsund Gymnas etter privatskulelova. NLM kjøpte eige- domen i 1954, gav skulen namnet Kvitsund og starta gymnas i 1974. Der er internat og plass til to parallellar på kvart årstrinn. Kyrkjebla- det presenterer her Kvitsund sin plass som utdanningsinstitusjon og skulestad, med Sigrun Kvamme og Lisbeth Farmen Aabø som sentrale personar i administrasjonen hausten 2024.***

## **Jakob Naadland sel Telemark folkehøg- skule**

Kristenfolket har ofte hatt sans for praktiske realitetar og ope sinn for nye visjon- ar. Difor gjekk dei til handling i 1954. Då hadde folkehøgskule-hovdingen Jakob Naadland bestemt seg for å selje Telemark folkehøgskule etter 40 års drift på Utsund i Kviteseid. Leiinga i Skien krins gjekk inn for kjøp. Misjonsfolket syntte stor interesse, og i løpet av kort tid vart det samla inn omlag tre-hundre-tusen til skulen. Kjøpesummen lydde på 215000,- kroner, og kontrakten vart underskriven i august. Naadland-skulen si minnerike soge var avslutta. Kvitsund-leiarane hadde nøkke- len til skuleutviklinga i Vest-Telemark i si hand. Framtida låg gøymd i utbygging, kampår og pedagogisk nybrotsarbeid. Kulturimpulsen på den vakre skulestaden hadde skifta retning.

## **Vest-Telemark blir med**

Då Kviteseid kommune og Misjonssam- bandet tok opp drøftingar i 1956, med sen- trale skulepolitikarar i departementet om forsøk med linedelt ungdomsskule, vart det synt stor interesse for saka. «Tiltaket har ålmenn interesse frå forsøkssyns- punkt», skreiv Forsøksrådet. Kommun- ane i Vest-Telemark høyrde med til gris- grendte strøk, og forholda låg greitt til rette for interkommunalt samarbeid. Dei andre kommunane i Vest-Telemark kom tidleg med i samtalan om ein regional skule i Kviteseid. Eit interkommunalt utval med skulesjef Eivind Øygarden som formann, la fram utkast til samarbeidsavtale i desember 1956. Kvitsund var representert i nemnda med Lars Aase (rektor) og Halvor Lange- land (Ulefoss/NLM); han var den store drivkraft i utbygginga.



*Elevar frå Kviteseid som gjekk ut på Kvitsund våren 2024.*

*Oppe f.v.: Saamund Kvålseth Midtbøen, Hayder Mushtaq Hatem Al-Dulami, Sondre Fosli Stenseth, Jon Toralv Huse. Nede f.v.: Ole Didrik Fosse Didriksen, Malina Mae Nagy, Sigrid Marie Aarbakk, Ine Nordvik Krossbakken, Henning Hovden Jansen*  
*(Fotograf: Kurt Nødland)*

Avtalen vart vedteken av Kviteseid, Tokke, Nissedal og Misjonssambandet i 1957; Fyresdal og Vinje kom med i 1959. Kort kan det seiast at Kvitsund skulle vere ein regionalt linedelt ungdomsskule. Samarbeidet skulle gjelde både 8. og 9. klasse, og med høve til realskule-eksamen for elevar som ynskte allmenn teoretisk utdanning. Leinga var lagt under Forstandarskapet med representantar frå samarbeidspartane. Kommunane skulle stå for skuledrifta. NLM si hovudoppgåve var internatdrift og miljøskapande arbeid i elevheimen. Administrasjonsordning og økonomiske forhold var fastlagde etter oppsette reglar. Frå og med skuleåret 1957/58 vart forsøksordninga gjennomført på Kvitsund. Start-etapen i eit historisk skuleforsøk var fullført.

### **Oppløysing av samarbeid**

Den nye folkeskulelova av 1959 førte forsøksverksemda inn i ein ny fase. Lova gav kommunane høve til å setje i gang 9-årig obligatorisk skule. Dette gjorde at Tokke kommune fekk eiga interimsordning i 1959/60 og full godkjenning frå 63/64. Kviteseid kommune tok i 1961 opp tilrådinga frå Forsøksrådet om å gjere kommunen til einaste samarbeidspartnar med Misjonssambandet. Dette kunne føre til at Kviteseid skulestyre vart styre for skulen. Omtrent samstundes bad Kyrkje- og undervisningsdepartementet alle samarbeids-kommunane om å ta stilling til revisjon av 1957-avtalen. Den måtte endrast slik at han kom i samsvar med Folkeskulelova av 1959. Hausten 1963 var

Kviteseid komen så langt i styrking av barneskulen, at Forsøksrådet la fram utkast til avtale mellom departementet og Kviteseid om 9-årig skule. Elevar frå Vest-Telemark skulle framleis ha høve til å «søkje ungdomsskulen i Kviteseid», men oppløysingstendensen var klar. Eksistens-grunnlaget for Kvitsund ungdomskule var usikkert.

### **Kvitsund som landsgymnas**

Josef Tungland som overtok rektorstillinga då Lars Aase slutta i 1961, fekk mykje å gjere med omstillingsproblema. Forstandarskapet tok ei grundig drøfting av det nye avtaleutkastet.

Trass i tydelege vanskar kom ein i 1965 fram til ei ny samarbeidsavtale - sjølv om misjonens stilling var svekka. Her det er viktig å nemne av avtale-teksta inneheldt ei framtidretta formulering, som kom til å bety mykje ved overgangen til 70-talet. Redningsplanka var passussen om eit 10. friviljug skuleår, som kunne gje plass til to-tre klassar pga. ledige rom i internatet. Jamvel om kommunane i tur og orden fekk sine ungdomsskular heime, møtte representantane deira trufast i styret for Kvitsund. Såleis kom 65-avtalen til å stå uendra til dei fem kommunane avslutta samarbeidet våren 1972.

I Kviteseid var det strid om tomteplasse- ring for den nye ungdomsskulen i bygda. Då byggearbeidet ikkje var kome i gang våren 1972, ynskte kommunen ei vidareføring av samarbeidet med Misjonssambandet. Kviteseid skulestyre, kommunestyret, skuledirektøren i Telemark og Misjon- sambandet godkjende ordninga, som vart ståande til kommunen tok i bruk den nye

sentralskulen på Flatland i 1975.

I 1969 overtok Olav Mosdøl rektoransvar- et etter Kjell Åsen, som slutta. Han fekk mykje arbeid med å finne fram til ei ordning som kunne sikre drifta vidare. Frå skule- året 70/71 gav det interkommunale styret og skuledirektøren i Telemark ei viktig god- kjening: Kvitsund kunne til å ta inn elevar frå andre kantar av landet til det 10. året. Talet kom til å variere frå 40 til 95 elevar. Etter om lag to års arbeid med gymnas- planar kunne Mosdøl saman med general- sekretær Birger Breivik levere søknaden til Kyrkje- og undervisningsdepartementet 12. mars 1973. Norsk Luthersk Misjons- samband søkte om å starte opp med 2 gym- nasklassar på Kvitsund frå hausten 1974, med bakgrunn i Lov av 6.3.70 om tilskudd til private skoler.

Det var ein stor dag for Kvitsund 24. august 1974 då gymnaset vart offisielt opna. Glede og takksemd prega dei mange hundre fram- møtte saman med 50 nye elevar, som var fordelte på ei realline og ei engelsk line. Ordføraren i Kviteseid, Øystein Strondi, slo fast at både elevar og foreldre var glade fordi NLM starta opp med Kvitsund Gym- nas. Han meinte at Kvitsund hadde så langt hatt mykje å seie for bygdene i Vest- Telemark – og ville bety mykje for fram- tida. Ein månad etter starten fekk Kvitsund Gymnas melding frå Departementet om at det var gjeve fagleg godkjenning og eksamensrett til skulen.

### **Jubileumsår på Kvitsund 2024**

Denne hausten blir det feira 70- og 50-årsjubileum på skulen. Det er 70 år sidan Jakob Naadland, Olav Naadland



*Eit spennande år ligg framfor administrasjon og personale på Kvitsund Gymnas. I permisjonsåret til rektor Kristoffersen står to kvinner sentralt. Konstituert rektor er Sigrun Kvamme (t.h.) og assisterande rektor er Lisbeth Farmen Aabø.  
(Foto: Olav Mosdøl)*

og Arnhild Naadland skreiv under kjøpekontrakten; og det er 50 år sidan gymnaset blei offisielt opna i august 1974. Markeringa skal skje laurdag 28. september på Kvitsund Gymnas. Då blir det bede inn til stor og open fest på skulen. Kyrkjebladet har fått litt samtale med leiinga på Kvitsund; det er konstituert rektor Sigrun Kvamme og assisterande rektor Lisbeth Farmen Aabø.

*– Kva betyr Kvitsund som skulestad, Sigrun?*

- Eg gler meg til å ta imot elevane til eit nytt og spanande skuleår. Vi er så heldige å ha kremen av norsk ungdom her på staden. Det er fint å fylgje utviklinga og mogningsprosessen deira gjennom tre år, både fagleg og sosialt. Som skule er vi avhengige av å tilby kvalitet. Vi ynskjer å gje elevane våre ein undervisningsplass der dei får utvikle seg som menneske - og får vener dei tek med seg vidare i livet. Som kristen friskule tilbyr vi noko meir enn berre fag. Vi er opp-tatt av å vere inkluderande for alle, uansett livssyn. Visjonen vår er «lærelyst i trygt miljø».

*– Kan Kvitsund bli seg sjølv nok, Lisbeth?*

– Kvitsund er eit samfunn i Kviteseid kommune. Elevar som kjem utanfrå opplever seg nok ikkje som kvitseidingar. Likevel er Kiwi, bokhandelen og andre forretningar viktige for alle elevane. No er vi svært glade for at det kjem ny gang- og sykkelveg til sentrum. Kvitsund treng eit aktivt lokalsamfunn i Kviteseid og vice versa. Så vil eg oppfordre alle til å ta ein Kvitsund-tur. Ein kan nytte den fine stranda, ta ein tur opp på Høgås eller spele frisbeegolf, ta ein titt på tunet og nyte utsikten på toppen av matsalen. Kjem du innom, vil du møte hyggelege personar som gjerne viser rundt.



# Festsøndag i Kviteseid kyrkje



Sol frå blå himmel og full Kviteseid kyrkje tok imot Sigrun Lønning Solvang til vigsling søndag 11. august. Biskop, prost, representantar frå alle kyrkjene i soknet og dei andre forsamlingane i Kviteseid var på plass saman med familie, vener og kyrkje-lyd.

Heile gudstenesta bar preg av takksemd til Gud for vår nye prest gjennom song og taler.

Biskopen Stein Reinertsen oppmoda Sigrun om å bevare evangelisten i seg og forkynne ein bodskap som rommar heile livet. Han minna og om at vigslinga er eit kraftig signal: Vi vil ha deg! Og vi vil gå saman med deg i tenesta.

Sigrun tala over søndagens tekst i Lukas 8. 1-3. Vi treng alle å bli sett og få vere ein del av felleskapet! Å bli løfta opp for den vi er, uansett bakgrunn og uansett kjønn! Jesus har plass for deg!

Etter messa heldt festen fram på Misjons- huset der det var servering av lapskaus/ kaker og kaffe til alle. Sigrun fekk mange helsingar og godord frå både familie og representantar frå dei ulike forsamlingane i Kviteseid. Mellom alle helsingane var det nydeleg song av svigerdotter til Sigrun, Camilla Harestad Solvang og kveding av Håkon Heggtveit.

Kviteseid sokn er lykkeleg over å ha fått ny prest, og at Sigrun er den som skal fylle den tenesta! Vi ønsker Guds rike signing over deg, Sigrun, og familien din!

Samstundes er det vår oppgåve som kyrkje- lyd og hugse på presten vår i bøn!

*Av Jan Gunnar og Astrid Breivik*

**Soknerådet retter ein stor TAKK til alle som medverka til å gjere dette til ein festdag for Sigrun, kyrkja og bygda.**



Foto Kristen Salmelid

## Grupper og lag for born og unge i Kviteseid, med trusopplæring.

Alder	Kva	Kontaktperson	Kontakt	Stad
0-3 år	Småbarnstreff m/ Babysong	Cecilie A Hosum	96624412	Misjonshuset
5 år	Adventstreff	Sigrun Lønning Solvang	Kyrkjekontoret	1. helg i adv.
1.-4. kl	Sundagsskule	Sigrun Lønning Solvang	Kyrkjekontoret	Kviteseid kyrkje
1.-4. kl	Småspeidar	Hans Kristian Aabø	97182115	Betel/ seidarplassen
1.-4. kl	Idrettsgruppe	Karen Margrethe Klausen	97183024	Kvitsund
3.-4. kl	Tårnagenthelg	Sigrun Lønning Solvang	Kyrkjekontoret	Info sendast ut
5.-6. kl	Lys Vaken	Sigrun Lønning Solvang	Kyrkjekontoret	Info sendast ut
1.-3. kl	Barnegospel	Ellen Eggebø Jore	97007707	Misjonshuset
4.-6. kl	Unge Røyster	Elise Foldøy	99043567	Misjonshuset
4.-6. kl	Tweensklubb	Ingrid Asdahl	92031253	Misjonshuset
5. kl.-3.vgs	Speidar	Ane Spikkeland Holm	93672392	Betel/ speidarplassen
5.-7. kl	Soulchildren	Olav Holm	93401156	Kviteseidhallen
8. kl +	Fredagsklubb	Dag Erik Asdahl	97650275	Misjonshuset
9. kl	Konfirmant	Sigrun Lønning Solvang	Kyrkjekontoret	

Kyrkja og forsamlingane har meir tilbod enn dette, saman og kvar for seg, så ta kontakt der du ynskjer, og spør.

# Babysong

*-eit av mange tiltak kyrkja driver for barn og unge, aleine eller saman med andre*

Frå i haust er ein ny samarbeidspartnar på plass. Kviteseid Frivilligsentral ved Cecilie A. Hosum blir med og har desse treffa saman med kyrkja. Babysong vert framleis på Misjonshuset Kviteseid på føremiddag torsdagar. Vi er takksame for Åsa Wendel som trufast steller til mat. Følg med på Facebook for datoar. Dei starta 22. august, og neste etter at du har fått bladet, er 19. og 26. september.



## Gåver i dette bladet går til å støtte dette fine tiltaket!

Bruk bankkonto **2660.45.14649**

Eller Vipps til nr **3850**, kategori  
**(5 Gåver til kyrkjebladet)**

Kr. 6000 kom inn i frivillig kontingent i Kyrkjebladet nr.1, 2024., frå 23 personar. TAKK!

Vi håper og trur at det er fleire som er takk-nemlege for bladet og glade for å få det heim i postkassa. Vi har eit opplag på 1320 blad.

### Kvittering

Innbetalt til konto

2660.45.14648

Beløp

Betalereens kontonummer

Betalingsinformasjon

### GIRO

Underskrift ved girering



Betalt av



Betalt til



**Kviteseid sokn  
Kviteseidgata 13  
3850 Kviteseid**

Kroner

Øre

Til konto

<

>

2660.45.14648

# Eit langt og aktivt liv

Tekst og foto: Sigrun Moen

**Marie Omtveit er ein person som har delteke aktivt både i arbeidsliv og i friviljug arbeid i Kviteseid. No bur den vitale 95-åringen på Midsundtoppen omsorgsbustad i Kviteseid.**



## Barndom og ungdom

Marie er innfødd kviteseidning og voks opp på Bakken ved Holtan. Ho vart fødd 25. juni 1929 som nummer 5 av ein syskenflokk på 7. I syskenflokken var det 2 gutar og 5 jenter. No er det berre Marie og yngste systera som framleis lever. Foreldra var Lovise og Leif Sanden. Mora var jordmor og faren var snikkar. Faren var mykje borte på grunn av arbeidet. Mora måtte også ofte ut av heimen når ho måtte hjelpe til i samband med barnefødselar. Men familien hadde hushjelp, og etter kvart som ungane voks til,

hjelpte dei til heime. «Me hadde verdens beste heim,» seier Marie.

Marie fortel om sin eigen fødsel: «Denne junidagen i 1929 vart mor tilkalla i samband med ein fødsel på Drangstveit i Morgedal. Ho var då høggravid og tok turen til Morgedal. Det resulterte i at mor fødte meg om kvelden, og barnet ho skulle ta imot i Morgedal, vart ved mors hjelp fødd neste morgon».

Etter at Marie var ferdig med grunnskulen (folkeskulen), gjennomførte ho realskulen i Kviteseid. Dette var under krigen. Eksamen kunne ho ikkje ta i Kviteseid, men måtte reise til Bø for å ta prøvene der. Ho var oppe til eksamen i alle fag. For å koma til Bø, tok ho som oftast bussen. Tilgang på diesel og bensin var dårleg i krigsåra, så drivstoffet på bussane i krigsåra var knott - trevirke som var delt opp i små bitar og brukt som drivstoffstatning.

I 1949 gjekk Marie på handelsskulen i Porsgrunn. Då budde ho hjå syster si som hadde busett seg der. Handelsskulen var god å ha som bakgrunn med tanke på seinare arbeidsliv.

## Familie- og arbeidsliv

Marie gifta seg i 1953 med Johannes Omtveit, og dei fekk etter kvart to døtrer



Frå protokollen. Foto: Marta Bakken

-Ragnhild og Ellen. I tillegg til husmoryrket hadde Marie ulike jobbar utafør heimen. Samvirkelaget i Treungen var ein av dei fyrste arbeidsplassane hennar. Medan ho hadde arbeid der, braut det ut fleire tilfelle av polio. Marie fekk då beskjed frå leiinga om å reise heim att til Kviteseid. Marie fortel at det var fleire som døydde av polio den gongen.

Ein periode på 1960-talet var Marie styrar på Samvirkelaget på Rauland. Då budde heile familien der. Ektemannen Johannes var også delaktig i butikkdrifta -han kørde ut varer.

På slutten av 1960-talet dreiv ho butikk saman med svigerinna si, Kari Sanden. Lengste arbeidsperioden hadde Marie på rekneskapskontoret i sparebanken i Kviteseid. Dette var arbeidsplassen hennar i om lag 20 år. Ho slutta i banken då ho var 62 år. Ektemannen Johannes var plaga av diabetes, og ho valde derfor å pensjonere seg for å vera heime. Johannes døydde i 2006, og Marie budde då ein periode hjå dotter si Ellen, i Seljord.

## Friviljug arbeid

Ulike lag og organisasjonar har drege nytte av Marie sitt bidrag i friviljug arbeid, blant anna Kviteseid Pensjonistlag og i Kviteseid Sanitetsforening. I den samanheng var ho med på å køyre ut mat til eldre.

Marie var med i soknerådet ein periode på 1990-talet då Thor Egil Abrahamsen var sokneprest her i bygda. Han hadde ein tanke om å få til føremiddagstreff på Misjonshuset. Denne forma for sosialt og kristent samvær kom etter kvart i gang. Då Thor Egil hadde slutta som prest i Kviteseid og flytt til Gjerpen, reiste ein del av dei som var med på føremiddagstreffa på busstur for å besøkje presten som hadde vore initiativtakar til dette tiltaket. Denne turen var Marie med på. I dei seinare åra har Marie møtt trufast opp på føremiddagstreffa siste onsdag i månaden på Misjonshuset.

Marie er også ein av dei som har vore engasjert i samband med kyrkjebasarane. «I starten heldt vi til i Jakobsen bakeri. Nokre av inntektene på basarane vart brukte til å skaffe puter i kyrkjebenkane», seier ho. «Kyrkja har betydd mykje for meg», avsluttar Marie.

## Kyrkjelydsbasar 30. november

Vi tek gjerne imot mjuke eller harde gevinstar, og jolekaker! Lever gjerne i god tid, så ser vi at det blir noko i år og.

Ta kontakt med Kirsti (41264364) eller Kristen (97047860).

Vår nye sokneprest Sigrun Lønning Solvang:

## «Dette har ligge i tankane mine lenge»

*Av Åsbjørg Hægeland*



-Eg brenn for å vere med på å formidle at Guds nåde gjeld alle menneske, seier Sigrun. Tenk om me kunne sjå på kvarandre, og oss sjølv – med gode auge og eit nådig blikk, slik Jesus såg og møtte alle menneske, fortel Sigrun engasjert. -Då trur eg Kviteseid kommune, og staden der me bur kan bli ein betre stad å leve for alle. Gud er ikkje gjerrig på nåde, og derfor skal heller ikkje me vere det.

Den nye soknepresten vår er rik på idear og visjonar. Og samstundes har ho beina trygt planta på jorda, og gjennom ulike menneskemøter og erfaring veit ho eitt og anna om at vi menneske slett ikkje alltid får tildelt den lettaste vegen gjennom livet. -Då er det godt å tenkje på ei salme som eg likar veldig godt, som heiter «Du omgjev meg på alle sider». Den handlar om at Gud er med oss alle dagar uansett, og at han har lova vere med kvar ein dag, seier Sigrun.

Det er lett å høyre på dialekten at Sigrun opphavleg er vestlending. Men sjølv om ho er oppvaksten på Bømlo, er ho godt kjent for mange i Kviteseid. Her har ho budd i 31 år. Det starta med at ho var elev på Kvitsund Gymnas på slutten av 80-talet. I Kviteseid vart ho kjent med kviteseidingen, Sverre Solvang. Dei har no vore gift i 34 år og har fått 3 barn og eitt barnebarn. Sigrun er utdanna lektor med tilleggsutdanning, og har vore lærar ved Kviteseid skule i 10 år, før ho i 2008 starta som lærar ved Kvitsund Gymnas. I utdanninga si har ho med seg både ein erfaringsbasert master i kristendom, samt fag som historie, samfunnskunnskap, sosialpedagogikk og veiledning av barn- og unge. Ho har derfor undervist i både sosialkunnskap, psykologi, historie og religion på vidaregåande, samt det kreative faget entreprenørskap – og bedriftsutvik-

ling. På fritida har ho mellom anna vore ein viktig pådrivar for utviklinga av barne- og familiarbeidet i Kviteseid Misjonskyrkje, Betel. På Betel fekk ho som ung småbarnsmor prøve ut idear og bekrefte kallet til heiltidsteneste av dei rause bønnekvinnene; Gunhild Berntsen, Sigrid T. Loftstad, Aslaug Tormodsvik (d.2016) og Anlaug Solvang. Men dei siste to åra har det ikkje vore mykje fritid til overs. For Sigrun har i tillegg til 100 % jobb, studert på deltid, og tatt det siste året ho mangla for å kunne bli prest, det såkalla praktikum på Menighetsfakultetet (MF) i Oslo over to år. Det var eit stort val å ta, og Sigrun gjekk nokon rundar med seg sjølv før ho tok steget fullt ut. Men draumen har vore der lenge: -Ein dag ynskjer eg å bli prest. Og no, som 53-åring, er ho det. Studiet er fullført, og Sigrun er vigsla til presteteneste, og sokneprestejobben i Kviteseid har stått å venta på ho, sidan ho takka ja til stillinga i vinter.

Sigrun likar å vere engasjert, ta ansvar og møte menneske. Ho har eit stort hjarte for dei som av ulike grunnar kjenner at livet er

tøft, og brenn for å skape gode møteplassar mellom menneske. Ho er også tydeleg på at det er mange rundt oss som går med ei gudstru sjølv om dei ikkje snakkar så høgt om det. No skal ho inn i eit nytt yrke; eit yrke som vil leie henne i møte med mange ulike liv og mange ulike formar for gudstru.

-Tenk å få lov å ha ein jobb som lar meg få formidle håp og tru til så mange ulike menneske. Eg får vere med på å formidle bodskapen om Jesus, om eit lys som skin i mørkret, og som mørkret aldri kan overvinne. Dette gler eg meg til å ta fatt på, seier Sigrun med eit varmt smil.

## 4 raske:

*Gud er:* Nådig

*Eg klarar meg ikkje utan:*

Jesus, familie og venner

*Denne bok må alle lese:*

Bibelen

*Fritida fyllast med:* Turar til Bømlø, lesing, gå-turar og bading.

## SPRÅKKAFFE hausten -24

Samlingane er på Misjonshuset Kviteseid, på desse onsdagane frå 14.30-16.00:  
**18. sept., 23. okt. 13. nov. og 11.des.**

Du er hjarteleg velkomen til å delta til hyggelege samlingar med møter med våre nye landsmenn, mat og prat!

**VB**


**Kviteseid Rørhandel**



# Barnas



## Prikk til prikk



Teikn ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva skjuler seg her?

Per hadde fått nye briller, og mor hans spurde han:  
- Ser du bra med dei nye brillene, Per?  
- Ja, pappa!

To nåler sat på ei benk og kjeda seg. Så sa den eine:  
- Kom, så stikk vi!

## Vitsar


Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no) eller 22 08 71 00



## Finn fem feil



Her viser Jesus seg etter at han døde og stod opp att. Dei to bileta er nesten heilt like, men kan du finne fem feil på biletet under?



Teikning: Faye Simms

## Kryssord

- Bygning i Apostelgjerningane 15,16
- Konge i Matteus 2,3
- Dyr i Matteus 21,2
- By i Apostelgjerningane 18,1
- Konge i Romarane 4,6
- By i Lukas 7,11
- Stilna i Matteus 14,32
- Kvinne i Johannes 20,11

Bruk Det nye testamentet i Bibelen for å koma fram til løysingsordet.

 Søndagsskolen - mer enn du tror

Send inn løysingsordet på kryssordet neste side på sms til 97047860, og bli med i trekning av ein gåve. For dei mellom 5 og 15 år.



## LIVETS GANG sidan sist kyrkjeblad

### Døpte

#### *Brunkeberg*

Matheo Tønnesland  
Råmunddal  
Elin Østevik

#### *Vrådal*

Magnus Aasland Øy  
Isak Skree Moe

#### *Kviteseid*

Maren Hindrum  
Torjus Skarprud

Seline Lie  
Torjus Sandvik Haugo  
Espen Brekke Bonde  
Olea Jansen Løvli  
Torjus Selnes Midtsund  
Marta Selnes Midtsund

### Vigde

#### *Kviteseid*

Irene Andersen Midtbøen  
og Tor Erling Moen

### Døde

#### *Kviteseid*

Torleif Sollid  
Hans Kilen  
Turid Bentzen  
Gunnar Holte

#### *Brunkeberg*

Gerd Omlid

#### *Vrådal*

Gudrun Helene Sanden  
Arnold Reinskås  
Birger Skipar

#### *Fjågesund*

Borghild Straume

# Vest-Telemark



Tidlegare Tokke begravelsesbyrå  
og Seljord gravferdsbyrå

**DØGNVAKT**  
**928 13 634**

Gravferdstenester. Gravstein.  
Omsliping, påskrift, vask og oppussing  
av eldre gravstein.

[www.vtgravferd.no](http://www.vtgravferd.no)

# Prat med «gamlepresten» Møyfrid

*Av Astrid Breivik*



*Foto Kristen Salmelid*

*Har du det bra, Møyfrid?*

- Ja, takk, jeg har det veldig bra. Jeg trives veldig godt på Storhaug i Stavanger. Men jeg tenker fortsatt ofte på tida i Kviteseid. Jeg har jo mange gode venner her. Utrolig flott å få være med på innvielsen av Sigrun! En flott dag!!

*Hvordan er arbeidsdagen din – sluker den deg helt?*

- Det som er flott er at det var flere nyanstatte sammen med meg. Dermed er vi flere som må finne ut av hvordan vi skal jobbe og hvordan arbeidet fordeles. Jeg har nok å gjøre, men trives med det.

*I Kviteseid var du flink til å engasjere deg i ting utenfor kirka – driver du fortsatt med det?*

- Ja da, jeg blei ønska velkommen tilbake i korpset jeg var i før, et piccolo og trommekorps. Så sitter jeg i områdestyret for NMS, som jeg også var i Kviteseid. Og så synger jeg i kor!

*Du er jammen ei aktiv dame! Det er nok mange her som tenker på deg og ber for deg fortsatt. Du er ikke glemt!*

- Det er jeg veldig glad for! Og er noen i Stavanger så må de komme innom meg! Jeg tar gjerne imot besøk!!

## MISJONSHUSET I KVITeseid HAUSTEN 2024

### SEPTEMBER

- Tysdag 10. 19.30 Bibeltime ved Jerry Lund  
 Sondag 15. 11.00 0-100 Familiemøte.  
 Inge Håvard Jore  
 Tysdag 17. 19.30 Kveldsbibelskule  
 ved Dag Erik Asdahl  
 Sondag 22. 16.30 0-100 med søndagsskule.  
 Livar Veggeland  
 Tysdag 24. 19.30 Møte. Ingvild Hovda

### OKTOBER

- Tysdag 1. 19.30 Kveldsbibelskule  
 ved Dag Erik Asdahl  
 Sondag 6. 16.30 0-100 Søndagens tekst,  
 lovsong og bøn  
 Tysdag 8. 19.30 Besøk frå Åpne Dører.  
 Marcus Wallin  
 Sondag 13. 16.30 0-100 Søndagens tekst,  
 lovsong og bøn  
 Tysdag 15. 19.30 Møte. Nils Jørgen  
 Hardang  
 Sondag 20. 16.30 0-100 med søndagsskule.  
 Dag Erik Asdahl  
 Tysdag 22. 19.00 FELESSKAPSKVELD.  
 Gunnhild Dobbe  
 Sondag 27. 11.00 0-100 Familiemøte.  
 Magnar Grødem  
 Tysdag 29. 19.30 Møte. Øyvind Jørgensen

### NOVEMBER

- Sondag 3. 11.00 0-100 Ragnar Nørstrud  
**5.-10. MØTEVEKE.**  
**Jens Iver Jensen.**  
 Tysdag 12. Ikkje møte  
 Sondag 17. 16.30 0-100 med søndagsskule.  
 Dag Erik Asdahl  
 Tysdag 19. 19.30 Møte. Leif Holte  
 Sondag 24. 11.00 0-100 Fjellhaug  
 Bibelskule  
 Tysdag 26. 19.30 Møte. Kjell Johan  
 Nenseter

### DESEMBER

- Sondag 1. 16.30 0-100 Adventsmøte.  
 Egil Grindland  
 Tysdag 3. 19.30 Kveldsbibelskule ved  
 Dag Erik Asdahl  
 Sondag 8. 11.00 0-100 Adventsfest.  
 Servering.  
 Gunnar Salmelid.  
 Unge Røyster

## MESSE MED TRADJAZZ

Det er ikkje ofte ein gudsteneste endar i ståande applaus, men det skjedde då **Analog jazzband** deltok på messe i Vrådalen kyrkje i fjor vår. No blir det endeleg messe med musikk frå New Orleans att, denne gongen i **Kviteseid kyrkje søndag 29. september kl 11**. Vel møtt til bøn, song og særers velspelte jazztonar!



*Øvre Telemark Begravelsesbyrå*  
**Øvre Telemark Begravelsesbyrå AS**

Alt innen gravferd.  
 Oppsett og oppussing av gravstein.  
 Stell av gravminne.

[telemarkbegravelse.no](http://telemarkbegravelse.no)

tlf. 466 90 000 | [post@telemarkbegravelse.no](mailto:post@telemarkbegravelse.no)  
 Mosasida 215, 3840 Seljord

*Trygt, omsorgsfullt og verdig*

RETURADRESSE: KYRKJEKONTORET - KVITSEIDGATA 13, 3850 KVITSEID

## KALENDAREN, GUDSTENESTER OG ANNA

(prest dei fleste søndagane er Sigrun Lønning Solvang)

### SEPTEMBER

**Sun. 22.9. 18. søndag i treeningstida**

*Brunkeberg* kl.11.00. Familiegudsteneste.

**Onsd. 25.9. FØREMIDDAGSTREFF**

*Misjonshuset, Kviteseid* kl.11.00

**Sun. 29.9. 19. søndag i treeningstida**

*Kviteseid* kl.11.00. Gudsteneste m/Analog jazzband

*Kviteseid* kl.18.00. FELLES SANGMØTE v/ Morten Samuelsen

### OKTOBER

**Sun. 6.10. 20. søndag i treeningstida**

*Vrådal* kl.18.00. Gudsteneste.

**Sun. 13.10. 21. søndag i treeningstida**

*Fjågesund* kl.11.00. Familiegudsteneste.

**Sun. 20.10. 22. søndag i treeningstida**

*Kviteseid* kl.11.00. Familiegudsteneste.

**Onsd. 23.10. FØREMIDDAGSTREFF**

*Misjonshuset, Kviteseid* kl.11.00

**Sun. 27.10. Bots- og bøneding**

*Brunkeberg* kl.11.00. Gudsteneste.

### NOVEMBER

**Sun. 3.11. Helgemessesundag**

*Kviteseid* kl.11.00. Gudsteneste.

**Sun. 10.11. 25. søndag i treeningstida**

*Vrådal* kl.11.00. Gudsteneste.

**Sun. 17.11. 26. søndag i treeningstida**

*Kviteseid* kl.11.00. Gudsteneste.

**Onsd. 20.11. FØREMIDDAGSTREFF**

*Misjonshuset, Kviteseid* kl.11.00

**Lørdag 30.11. KYRKJELYDSBASAR**

*På Misjonshuset i Kviteseid* kl.10-14

### DESEMBER

**Sun. 1.12. 1. søndag i adventstida**

*Kviteseid* kl.11.00. Familiegudsteneste.

**Onsd. 4.12. Adventskonsert og graut**

*Kviteseid* kl.11.00. Song, musikk, andakt

**Sun. 8.12. 2. søndag i adventstida**

*Brunkeberg* kl.11.00. Gudsteneste.

**Sun. 15.12. 3. søndag i adventstida**

**ADVENTSKONSERT kl.17.00**

*Kviteseid*. Song og musikk ved kor i bygda og hornmusikken

**Sun. 22.12. 4. søndag i adventstida**

*Kilen kapell* kl.16.00. Gudsteneste.

**Tysd. 24.12 JOLAFTEN Gudsteneste**

*Fjågesund* kl.12.45

*Vrådal* kl.14.30

*Brunkeberg* kl.15.00

*Kviteseid* kl.16.15

**Onsd. 25.12 JOLEDAG**

**Høgmesse**

*Kviteseid* kl.11.00.

*Vrådal* kl.13.30

**Tysd. 31.12 Nyttårsaften**

*Kviteseid* kl.23.15